



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Therese Småland, 71 25 84 94

Høyring - søknad om godkjenning av Sandsøya som typisk turiststad - Sande kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal sender med dette søknaden frå Sande kommune om å fastsetje forskrift om Sandsøya som typisk turiststad ut på offentleg høyring.

Søknaden frå Coop Marknad Sandsøya og Sande kommune

Kommunestyret i Sande har i møte 16.06.2026, sak 68/26, støtta Coop Marknad Sandsøya i sitt ynskje om at Sandsøya får forskriftsfesta status som typisk turiststad. Det er søkt om å få denne statusen i perioden 1. juni til 31. august årleg.

Loverket

Etter lov om heilag dagar og heilagdagsfred § 5, 1. avsnitt skal faste utsalsstader som sel varer til forbrukarar halde stengt på heilag dagar. Det er gjort visse unntak i § 5 som tillèt at for eksempel utsalsstader med bestemte varer (kioskvarer, daglegvarer eller bensin/drivstoff) og som har eit butikkareal som er mindre enn 100 kvm/150 kvm får halde ope på søn- og heilag dagar. Det same gjeld for områder som kan reknast som typiske turiststader.

Statsforvalteren kan med heimel i § 5, 6. avsnitt, etter søknad frå kommunen, ved forskrift slå fast at eit område skal reknast som typisk turiststad for heile eller deler av året. Som turiststad kan berre reknast områder der salet i den aktuelle perioden i all hovudsak skjer til turistar. Ein siktar til område der dei faste innbyggjarane er få i høve talet tilreisande/besøkjande. Som eksemplar er det vist til Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør.

Eit kjenneteikn på typiske turiststader er vidare at dei næringsdrivande ofte er avhengig av turistsesongen, då kundegrunnlaget er for lite til at dei kan overleve på sal til fastbuande. Kor lang turistperioden må være, og kor stor del av omsetninga som må komme frå turistar i denne perioden, må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle. Status som typiske turiststad kan gjelde for heile året eller for deler av året.



Dei næringsdrivande på typiske turiststader kan fritt bestemme opningstidene på utsalsstadene sine sjølv. Som det kjem fram frå søknaden frå Coop Marked Sandsøya legg dei i hovudsak opp til at butikken skal være digital på søndagar. Ein eventuell status som typisk turiststad gjer likevel slik at også andre framtidige butikkar på øya kan ha ope søndagar.

Spørsmål som kan verke inn på vurderinga om slik status bør gjevast er for eksempel:

- Korleis det samla turist- og handelsgrunnlaget er på Sandsøya
- Om mogelegheita for søndagsopne butikkar vil forstyrre heilagdagsfreden
- Kva verknad status som typisk turiststad kan få for arbeidstakarane med tanke på fritid og arbeidstid

Høyring

Statsforvaltaren ber om å få tilsendt kommentarar til søknaden innan 31. august 2026. I tillegg til mottakarane av dette brevet kan alle andre interesserte gje sine merknadar til saka.

Adressa er: Statsforvalteren i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde eller sfmrpost@statsforvalteren.no. Innspel kan også sendast ved sikker melding [Send oss ei sikker melding! | Statsforvalteren i Møre og Romsdal](#).

Tilbakemelding må merkast med referanse 2025/3638.

Statsforvalteren skal etter høyringa vurdere søknaden og kommentarar frå høyringsinstansane for å avgjere om Sandsøya skal få status som typisk turiststad. Saka vert også lagt ut til offentleg høyring på Statsforvalteren i Møre og Romsdal si heimeside.

Med helsing

Andreas Welle Rusten (e.f.)
seniorrådgivar

Therese Småland
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad - åpningstider handel - søndagsåpen butikk 010626-310826 - Coop Marked Sandsøy
- 2 Foreløpig tilbakemelding - søknad om status som typisk turiststad - Sande - Coop Marked Sandsøy
- 3 Sandsøy, Sande kommune - Søknad om typisk turiststad.pdf



Mottakere:

SANDE KOMMUNE	Rønnebergplassen 17	6084	LARSNES
MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT	Postboks 1353 Sentrum	6001	ÅLESUND
HANDEL OG KONTOR I NORGE REGION MIDT-NORGE	Postboks 701	7407	TRONDHEIM
ARBEIDSTILSYNET ÅLESUND	Postboks 4720 Torgarden	7468	TRONDHEIM
NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON NHO MØRE OG ROMSDAL	Postboks 678	6001	ÅLESUND
COOP NORDVEST SA	Postboks 130	7302	ORKANGER